



Trine Dyblie  
Lindåsvegen 1580  
5956 HUNDVIN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 15/1323 - 15/21504

Saksbehandlar:  
Margit Rimeslåttén  
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:  
09.06.2015

## Førehandsvarsel om pålegg og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 56/52

### Saka gjeld

Det vert vist til kommunen sitt brev av 27.03.2015 med førespurnad om utgreiing om mogleg ulovleg tilhøve, samt dykkar tilsvar datert 18.05.2015.

### Grunngjeving for varsling om pålegg om retting og tvangsmulkt

Kommunen var på synfaring på eigdommen 03.06.2015 der Margit Rimeslaatten og Benjamin Hicks deltok frå Lindås kommune, Nicolay Leganger og deg som eigar av gnr 56 bnr 52, samt nabo Sigrund Vatne.



Kommunen vurderer tiltaket som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova sidan oppføring av tilbygg er søknadspliktig, jf. plan- og bygningslova § 20-2, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 3-1. Vi gjer i den samanheng merksam på at tiltaket ikkje kjem inn under tiltak som ikkje er søknadspliktige sidan tiltaket ikkje er i samsvar med plan.

Du er heimelshavar til eigedommen og er difor ansvarleg for å retta opp i det ulovlege tilhøvet.

### **Førehandsvarsel om pålegg om retting**

I høve til forvaltningslova § 16 og plan- og bygningslova § 32-2 vert det med dette gitt førehandsvarsel om at bygningsmyndigheitene med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vurderer å fatte vedtak om pålegg om retting, dersom ikkje forholdet er brakt i lovlege former ved å tilbakeføre tiltaket innan 15.07.2015. Bygningsmyndighetene må underrettast skriftleg dersom arbeidet vert tilbakeført.

Som opplyst under synfaringa er det også høve til å søkje om tiltaket. Det må i så fall sendast komplett søknad om løyve til tiltaket innan same frist. Du kan eventuelt ta kontakt med byggjesaksvakta hjå Lindås kommune for vidare rettleiing dersom du ønskjer å søkje om tiltaket. Vi oppmodar også om at dersom det er utført andre tiltak på eigedommen som er søknadspliktig og ikkje er søkt om, så vert dette gjort samtidig.

### **Førehandsvarsel om tvangsmulkt**

I høve til forvaltningslova § 16 og plan- og bygningslova § 32-2 vert det med dette gitt førehandsvarsel om at bygningsmyndigheitene med heimel i plan- og bygningslova § 32-5, vurderer å fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom komplett søknad om løyve ikkje er innsendt eller det ulovlege arbeidet ikkje er tilbakeført innan fastsatt frist.

### **Andre opplysningar**

Kommunen kan utferdige førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6 dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglane for dommar, jf. plan- og bygningslova § 32-7.

### **Rett til å gje uttale**

Du har rett til å uttale deg før pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt eventuelt vert vedteke. Frist for dette vert sett til 3 veker frå brevet er komme fram, jf. forvaltningslova § 16. Eventuell uttale bes sendt skriftleg til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller postmottak@lindas.kommune.no.

### **Gebyr**

Det vert underretta om at det med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 vert berekna gebyr for brukt tid ved oppfølging av ulovlegheiter. Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknummer: 15/1323.

Med helsing

Tor Hegle  
Avdelingsleiar byggesak

Margit Rimeslåtten  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*